



Det blir moro å oppleve Fliflet/Hamre i Dønhaugkjellaren.

Laurdag 22.04. bør det verta trengt om plassen i Dønhaugkjellaren. Då inviterer Husnes jazzklubb til konsert med den poplære duoen Fliflet/Hamre. Ole Hamre og Gabriel Fliflet er gamle kjenningar for mange, og dei leverar god musikk med stor humorfaktor kvar gong dei opptrer.

Dei to kunstnarane med stor K spelar på mange instrument og beherskar ulike sjangrar. Gabriel Fliflet (trekkspel, song) og Ole Hamre (tromsesett, hamrofon, melodika, stepp, song m.m.) er også svært dyktige i kommunikasjonen med publikum.

I musikken deira står leikelyst og innleving sentralt, og det meste kan skje:

'Rå balkantoner dundres ut mellom vare nordiske moll-perler og jødiske ettertenksomheter, norske kystmelodier eller italienske partisansanger. Og Harald Sæverud dras med på 9-takts-kalas hos serbiske sigøynere.....

Iblant lar Ole Hamre trommene hvile, og lager vakker og uhørt musikk på melodika eller sitt eget gryteinstrument Hamrofonen. - Eller tar på seg steppeskoene!', står det å lesa på heimesida deira.

Grappa er kjent for det tette og levande samspelet sitt. Dette har dei to dyktige musikarane utvikla gjennom meir enn 25 års samarbeid. Fliflet/Hamre fører saman musikk av ulikt opphav, og dei skaper eit eige personleg landskap der humor alltid er med. På den måten apellerer dei til eit breidt publikum, og konsertane deira vert alltid ein fulltreffar.

Når duoen kjem til Dønhaugkjellaren første laurdagen etter påske, opnar dørene kl.20.30, og arrangøren seier at det kan vera lurt å vera ute i god tid. Inngong blir kr.200,- for medlemmar og 250,- for andre. Det vil vera mogeleg å kjøpa medlemskort denne kvelden.

De kan lesa meir om duoen og høyra musikk av dei ved å klikka inn på [heimesida deira HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
 Pressefoto